



Styre: Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet
Styresak: 5/23
Møtedato: 07.02.2023
Journalnummer: 2023/1803

ORIENTERING OM OG INVITASJON TIL INNSPILL TIL FØRSTE UTKAST TIL STRATEGIPLAN 2023-2030

Saken gjelder

Dette er en orientering om status i strategiarbeidet og en invitasjon til styrets medlemmer om å gi innspill til det **første utkastet** til ny strategiplan for perioden 2023-2030 (vedlagt). Utkastet ble presentert på allmøte for faste ansatte ved fakultetet på Solstrand 11. januar der flere av styrets medlemmer var til stede. Dokumentet er vedlagt i den form det ble presentert på Solstrand slik at medlemmer som *ikke* var til stede skal få anledning til å komme med innspill og gi synspunkter på de innspillene som ble fremmet i allmøtet.

Arbeidet med ny strategi startet opp 10. mai 2022 ([fakultetsstyresak 37/22](#)) og fakultetsstyret ble på møte den 13. desember 2022 orientert om gjennomførte aktiviteter og foreløpige vurderinger midtveis i prosessen ([sak 104/22](#)). Endelig strategidokument skal etter planen legges fram for fakultetsstyret 13. juni 2023. Den vedtatte strategiplanen skal kunne revideres i 2026 etter valg av nytt dekanat i 2025.

Innspill til førsteutkastet til ny strategiplan gitt i allmøtet 11. januar

Utkastet ble diskutert i grupper og i plenum i allmøtet. Det var stort engasjement og mange forslag til hvordan planen kunne og burde utvikles videre. Ikke alle innspillene trakk i samme retning. Hovedtendenser i innspillene som fremkom i møtet kan oppsummeres slik:

- Det er behov for tydeligere narrativ innledningsvis: hvem er vi og hva står på spill med tanke på et samfunn i rask endring, stor etterspørsel etter juridisk kunnskapsutvikling, ressursutfordringer, rekrutteringsutfordringer, utfordringen med å balansere offentlig og privat rett, behov for grunnforskning vs. forventning om juridisk forskning som en konsulenttjeneste mm.
- Det er behov for klarere sammenheng mellom utdanning og forskning og mer fokus på læringsmiljø i planen
- Det ble uttrykt ønske om mer spesifikk beskrivelse av kvalitetsmålene i forskningen
- Fakultetets regionale rolle må tones ned
- Det bør gis tydeligere begrunnelser for de strategiske satsingene/faglige tyngdepunktene
- Det bør være klarere kobling mellom de strategiske satsingene og planlagt ressursbruk

- Skillet mellom ambisjoner og tiltak er uskarpt. Det ble anbefalt å ha færre ambisjonspunkter kombinert med tydelige tiltakspunkter
- Dokumentet bør være kortere – maksimalt 4 sider

Frist for å gi skriftlige innspill til strategiutkastet er satt til 15. februar. Ansatte som ikke var med på Solstrand er i Fakultetsnytt oppfordret til å komme med skriftlige innspill. Per 26. januar 2023 har det kommet fem skriftlige innspill. Det vil holdes et nytt allmøte før påske for å presentere et bearbeidet strategiutkast. På dette møtet tas det også sikte på å gi en plan for hvilke handlingsplaner som skal utarbeides for å følge opp strategien (se fremdriftsplan nederst i saken).

Organisering og gjennomføring av strategiarbeidet

Strategiprosessen ved fakultetet er organisert som et prosjekt. En mindre prosjektgruppe bestående av prodekan for forskning Ragna Aarli, visedekan for utdanning Halvard Haukeland Fredriksen, nestleder i studieseksjonen Nina Østensen og seniorrådgiver i stabs- og forskningsseksjonen Ingrid Birce Müftüoglu (prosjektleder), koordinerer strategiarbeidet og har ansvaret for at det foreligger et utkast til ny strategi.

Arbeidet med ny strategi bygger på et bredt kunnskapsgrunnlag. I forbindelse med evaluering av rettsvitenskap i Norge (JUREVAL) samlet fakultetet et stort materiale om forsknings-, utdannings- og formidlingsaktiviteten og produserte en egevalueringsrapport som sammenfatter utvikling og måloppnåelse i perioden 2010-2019. Dette materialet og evalueringskomiteens JUREVAL-rapporter (Palmer Olsen 2021) utgjør det viktigste bakgrunnsmateriale for strategien. Strategiarbeidet bygger også på erfaringer fra omfattende endringsprosesser ved fakultetet: Utvikling av ny studieordning (oppstart 2021) og strukturell omlegging og faglig videreutvikling av opplæringsdelen i ph.d.-programmet (oppstart 2020). Videre tas det hensyn til interne og eksterne utdannings- og forskningspolitiske prosesser. Sentrale dokumenter her er UiB FRAM-rapporten (2021), Langtidsplanen for forsknings og høyere utdanning (2023-2032), Kunnskapsdepartementets strategi for forskerrekruttering og karriereutvikling (2021), ekspertrapporten om finansiering av universiteter og høgskoler (Hatlen 2022), NOU om akademisk ytringsfrihet (Kierulf 2022), Forskningsrådets porteføljeplaner (revidert 2022) og EUs rammeprogram for forskning og innovasjon (2021-2027).

Prosjektgruppen har ansvar for å gjøre nødvendige analyser, skrive tekster og sikre fremdrift i prosjektet. Et rådgivende organ bistår prosessen. Dette organet består av professor Berte-Elen Reinertsen Konow, professor Ernst Nordtveit, førsteamanuensis Liliia Oprysk, postdoktor Siv Elén Årskog Vedvik og postdoktor Kristian Strømsnes, seniorrådgiver Ingrid E. Tøsdal og rådgiver Karoline Aksnes, studentene Ihne Selås Johansen og Anna Victoria Fredriksen og leder for Advokatforeningen Vestland Ingelin Morken Gundersen (eksternt medlem).

Prosjektgruppen og det rådgivende organet skal i tillegg til å levere ny strategi, sørge for en åpen og inkluderende prosess for fakultetets ansatte og studenter, slik at sluttproduktet oppleves som et samlande verdi- og styringsdokument som gjenspeiler grunnaktiviteten og fakultetets rolle på universitetet og i samfunnet.

Gjennomførte aktiviteter 2022/2023:

10. mai	Organisering av arbeidet med ny strategi vedtatt i fakultetsstyret
8. aug	Oppnevning av medlemmer til det rådgivende organet
20. sept	Oppstartsmøte for prosjektgruppen og det rådgivende organet
6. okt	Allmøte for fast vitenskapelig ansatte om strategi og organisering
18. okt	Muntlig orientering om strategiprosessen i SU
28. okt	Orientering om strategiprosessen i FU
1. nov	Andre møte for prosjektgruppen og det rådgivende organ
3. nov	Nasjonalt symposium for kvalitet i juridisk forskning
4. nov	Strategimøte for eksterne samarbeidspartnere
4. nov	Allmøte for administrativt ansatte om strategi og organisering
8. nov	Allmøte for midlertidig ansatte om strategi og organisering
8. nov	Orientering om strategiprosessen i fakultetsstyret
28.nov	Orientering om strategiprosessen i FU
1. des	Orientering om strategiprosessen i SU
15. des	Orientering om strategiprosessen «midtveis» i fakultetsstyret
Nov-des	Spørreundersøkelse blant studenter via JSU
4. jan	Tredje møte i prosjektgruppen og det rådgivende organ
5. jan	Første utkast av ny strategi deles med alle ansatte
11. jan	Presentasjon og diskusjon av første utkast på allmøte på Solstrand
17. jan	Orientering om første strategiutkast og veien videre i FU
26. jan	Orientering om første strategiutkast og veien videre i SU
7. feb	Orientering om første strategiutkast og veien videre i fakultetsstyret

Videre fremdrift:

15. feb	Frist for innspill til strategiutkastet
Uke 10	Prosjektgruppen ferdigstiller et bearbeidet strategiutkast
15. mars	Arbeidsmøte i prosjektgruppen og det rådgivende organet med fokus på ambisjoner og tiltak i bearbeidet strategiutkast
Uke 13	Allmøte med presentasjon og diskusjon av nytt strategiutkast.
9. mai	Nytt strategiutkast legges fram for SU
23. mai	Nytt strategiutkast legges fram for FU
13. juni	Endelig strategiplan 2023-2030 legges fram for fakultetsstyret

Mer informasjon om strategiprosessen finnes på [strateginett siden](#).

Universitetsstyret skal snart vedta strategi for UiB som vil være førende for fakultetets strategi.

Dekanen og fakultetsdirektørens merknader

Dekan og fakultetsdirektør viser til saksnotatet og inviterer styret til å komme med sine innspill til utkastet.

26.01.23 INMU/RAA

Vedlegg:

Første utkast av ny strategi til allmøtet på Solstrand

STRATEGI 2023-2030

DET JURIDISKE FAKULTET, UNIVERSITETET I BERGEN

RETTSVITSKAP I BREIDDE OG FRONT

VERDIAR OG SAMFUNNSANSVAR MOT EI NY TID

Det juridiske fakultet driv ei av landets fremste juristutdanningar med internasjonalt anerkjente forskingsmiljø. Fakultetet bidrar med kunnskap til samfunns- og politikktutviklinga, er godt integrert i UiBs tverrfaglege satsingar, har eit fagleg sterkt administrativt støtteapparat og formidlar forskning til eit breitt publikum.

Dei store samfunnsutfordringane og endringsprosessane i samfunnet vil stille store krav til utvikling av forskinga og utdanningstilbodet fram mot 2030. Fakultetet vil med utgangspunkt i den store utdannings- og forskingskapasiteten som det vitenskaplege og administrative personalet representerer styrke aktiviteten for å møte dei komplekse samfunnsutfordringane. Fakultetet vil med utgangspunkt i grunnleggande og brei kunnskap vere med å utvikle rettssystemet for ei ny tid, bygd på rettsstatlege og demokratiske verdiar og krav til berekraftig utvikling.

Det juridiske fakultet skal gjennom master- og ph.d.-programma sine utdanne juristar og rettsforskarar med kunnskap og innsikt til å møte framtidens utfordringar, tilby vidare- og etterutdanning av høg kvalitet til juristar og andre, og drive rettsvitenskapleg forskning på høgt internasjonalt nivå. I dialog med andre vitenskapar og den internasjonale rettsforskarfellesskapen skal fakultetet tilføre samfunnet rettsvitenskapleg kunnskap, innsikt og perspektiv som gir grunnlag for vidareutvikling av det nasjonale og internasjonale samfunnet, både økonomisk, sosialt og økologisk, på ein måte som sikrar berekraftig utvikling, velferd og rettferdig fordeling og ivaretaking av rettsstatlege verdiar.

Rettsreglar og rettslege institusjonar er ein grunnleggande infrastruktur for eit komplekst samfunn, og danner ramma både for utøving av makt frå styresmaktene si side og for individuell livsutfalding, nyskaping og innsats. Rettsvitenskaplege perspektiv og regelkunnskap er avgjerande for systemforståing, systembygging og omstillingsprosessar. Det er viktig at fakultetet tar ei tydeleg rolle i samfunnet som uavhengig kunnskapsinstitusjon.

Rettsvitenskapen skal vere uavhengig av, og kritisk granskande til, maktbruk frå styresmaktene, og bidra til å sikre rettstryggleik og vern mot unødvendige eller overdrivne inngrep i borgarane sine liv. Samstundes skal juridisk forskning legge til rette for betre styring og samhandling mellom styresmakter og borgarar for løysing av viktige samfunnsutfordringar. Forskinga skal vere relevant og i kontakt med de problemstillingar som er aktuelle i samfunnet, men også forankra i prinsipielle og overordna akademiske perspektiv.

Fakultetet har som mål å vere i den nasjonale og internasjonale fronten i både utdannings- og forskingsverksemda. Det er samtidig naturleg for fakultetet å legge vekt på utdanning og forskning på

rettsområde som er relevant for Vestlandsregionen. Fakultetet må bidra til å gjere regionen til ein attraktiv arbeidsplass for juristar med utdanning frå fakultetet, og fakultetet til en ressurs for arbeidsgjevarar i regionen.

Dei akademiske ideala er grunnlaget for verksemda ved fakultetet. Den akademiske fridommen må utnyttast av forskarar og studentar til å stille kritiske spørsmål, og der det er grunn til det, til å ta kontroversielle standpunkt i det offentlege rommet. Fridommen gir grunnlaget for offentlege diskusjonar om kva rolle retten og dei rettslege institusjonane kan ha i samfunnet, for allmenn refleksjon og for ny vitskapleg innsikt og framsteg.

Kjenneteikna på fakultetet skal vere høg fagleg og administrativ kompetanse i utdanning og forskning, vilje og evne til samarbeid internt og eksternt, og mot til å gå i front for nye perspektiv og rettslege løysingar på problem og konflikter som oppstår i tida. Fagmiljøa og administrasjonen skal vere inkluderande overfor mellombels tilsette og studentar. Alle som høyrer til på fakultetet skal kjenne ansvar for, og ha høve til, å medverke til å realisere måla for verksemda ved fakultetet.

UTDANNING I BREIDDE OG FRONT

Fakultetet er kjent for å sette læringsmiljø i fokus i utdanninga. Tett fagleg og sosial oppfølging i små arbeidsgrupper, problembasert læring som gir mykje skrivetrening, og gode utvekslingsavtalar, har gjort det femårige masterprogrammet i rettsvitskap ved Universitetet i Bergen til eit av dei mest populære studieprogramma i landet.

Målet fram mot 2030 er å halde fast ved den leiande posisjonen i ein utdanningslandskap i endring.

Dei kandidatane fakultetet utdannar vil oppleve omfattande endringsprosessar som vil stille dei ovanfor nye og ukjente problemstillingar. For at kandidatane skal vera i stand til å møte utviklinga må utdanninga rettast inn mot kunnskap om grunnleggjande strukturar og prinsipp i rettsystemet, og verkemåten til rettslege mekanismar og om metodiske variasjonar på ulike rettsfelt. Fakultetet vil bevare og styrke den rettsdisiplinære breiddeutdanninga og utdanne kandidatar som kan manøvrere i ukjente kunnskapsfarvatn i si tolking og utøving av retten. Fakultetet skal samstundes tilby meir tverrfagleg utdanning for å trene studentane i å sjå eit heilskapleg bilete av rettslege problemstillingar og av retten i eit samfunnsperspektiv.

Fakultetet skal tilby ei forskingsbasert generalistutdanning av høg kvalitet som rustar kandidatane til juridisk problemløysing innanfor alle sektorar i samfunnet. Studentar skal få innsikt i pågåande rettsvitskapleg forskning i studiet og studentar som ønskjer det skal få høve til å starte på ein forskarkarriere.

Det er eit mål å rekruttere fleire studentar frå Vestlandsregionen og å kople utdanninga tettare til juristarbeidsplassar i området. Større tilbod av etter- og vidareutdanning er eit av verkemidla for å nå dette målet.

Den sentrale rolla juristane har i samfunnet og den makta dei utøver, gjer det viktig å sikre mangfald i student- og forskarrekrutteringa. Fakultetet ser behov for tiltak på ei rekke ulike nivå for å realisere målet om større mangfald, og vil arbeide målretta for dette.

Teknologiutviklinga har opna for nye former for kunnskapsutvikling og kommunikasjon mellom studentar og lærarar. Digitale verktøy skapar og utfordringar for akademiske ideal om sjølvstende, integritet og autenticitet. Planmessig arbeid med lærings- og prøvingsformer skal sikre at juristar utdanna frå fakultetet er oppdaterte på bruk av digitale verktøy til å løyse rettslege problemstillingar, og kan vise til sjølvstendige og velfortente resultat.

Visjon

Det juridiske fakultet skal gi det beste rettsvitenskaplege utdanningstilbodet i Norge.

Ambisjonar fram mot 2030

Fakultet skal:

- utdanne juristar som kan ta fagleg forsvarlege standpunkt om gjeldande rett basert på ei sjølvstendig, heilskapleg, kritisk og etisk gjennomtenkt analyse
- utdanne juridiske problemløysarar og regelutviklarar som er etterspurde og har stor valfridom på arbeidsmarknaden
- tilby eit studium med klar indre samanheng og fagleg-metodisk progresjon
- drive planstyrt og langsiktig utvikling av kvalitetshevande undervisingstiltak basert på evalueringar og faglege diskusjonar, og sikre kvalifisert prøving på alle nivå i studiet
- vere best på å integrere internasjonale dimensjoner i undervisningsverksemda
- sette kandidatane i stand til å samarbeide med juristar frå andre land, forstå og gjere seg nytte av deira perspektiv på felles rettslege utfordringar og bidra med norske perspektiv
- gi studentar fleire sjansar til å prøve eigne føresetnadar for ulike juridiske profesjonsval og gjere dei meir medvitne om den mangfaldige arbeidslivsrelevansen av studiet
- stimulere studentane til å utforske regionale problemstillingar i lys av internasjonal rettsutvikling i samarbeid med aktørar i Vestlandsregionen
- utvikle metodisk medvit om, og interesse for, sentrale dilemma i faget, og skape engasjement for juridisk forskning gjennom utdanninga
- vidareutvikle forskarlinja til eit førsteval for dei aller beste studentane
- vidareføre internasjonaliseringsarbeidet med utvekslingsavtalar av høg kvalitet og oppfordre alle studentar til å reise på utveksling som del av studiet
- inkludere internasjonale studentar i aktivitetar på campus og skape fleire gode faglege og sosiale møteplassar mellom ulike studentgrupper
- synleggjere behovet for, og verdien av, dialog med andre vitenskapar for å kunne løyse rettslege problemstillingar
- legge til rette for og oppfordre studentar til å nytte rettsvitenskapleg innsikt til nytenking og innovasjon
- støtte studentorganisasjonane og legge til rette for nye initiativ. Det skal vere god og open dialog mellom studentar og tilsette
- gjere Dragefjellet til ein stad der alle studentar kjenner seg trygge og heime og ønsker å vere til stades gjennom eit langt studieløp

NYSKAPANDE OG LANGSIKTIG FORSKING

Nyskapande og grunnleggande forskning i den internasjonale forskingsfronten og i bredda av det rettsvitskaplege feltet skal gi innsikt og kunnskap om rettssystemet og rettslege problemstillingar. Dette vil også gi eit kunnskapsgrunnlag for å styrke utdanninga, utvikle samfunnet og rettsstaten og bidra til å løyse presserande samfunnsutfordringar.

Målet fram mot 2030 og vidare, er at fakultetet skal vere ein verkstad for utvikling av ny kunnskap om retten, og om retten sin samfunnsmessige funksjon, i ei tid der ein kan vente store endringar som vil påverke retten og måten juristar arbeider på, og reise nye rettslege problemstillingar og utfordringar for rettssystemet. Utvikling av nye rettslege ordningar og instrument vil vere avgjerande for det nasjonale og internasjonale samfunnet si evne til å møte klimautfordringa og naturkrisa og sikre livsgrunnlaget for komande generasjonar, og der demokratiske og rettsstatlege verdiar ser ut til å vere under press. Fakultetet skal utvikle rettsforskarar som kan bidra til å forbetre dei rettslege ordningane og institusjonane som finst, og finne løysingar på nye rettslege utfordringar og problemstillingar.

Fakultetet skal halde fram med å bidra til dei tverrfaglege satsingsområda ved UiB, det vil seie globale samfunnsutfordringar, marin forskning og klima- og energiomstilling. Fakultetet vil ha særleg fokus på satsingsområdet klima og energiomstilling.

Fakultetet skal utvikle eigne satsingsområde som speglar behovet og interessa for juridiske forskning i samfunnet og særleg lytte til behov for utvikling av ny kunnskap i Vestlandsregionen. Ved inngangen til strategiperioden er det fire rettsfelt av ulik karakter som peiker seg ut som satsingsfelt der det trengst meir forskning:

Eit nytt senter for europeisering av retten, *The Centre on the Europeanization of Norwegian Law* (CENTENOL), skal utfordre og utvikle ny kunnskap om EU- og EØS-rett. Senteret skal særleg utvikle kunnskap om europaretslege krav til trygde-, utlendings- og arbeidslovgjevinga og korleis innarbeidd europeisk rett skal tolkast innanfor det EØS-rettslege avtalesamarbeidet. Forsking på høgt nivå skal rettleie dei som brukar retten i samfunnet. På lenger sikt skal forskinga byggje varig kunnskap blant studentar som skal bruke rettsreglar som er bygt på EU-rett i framtida.

Dei endra tilhøva i Europa har særleg skapt etterspurnad etter rettsstatleg og rettsteoretisk grunnforskning. Det er også stor etterspurnad etter klima- og energirettsleg forskning, som kan vera med å løyse dei grenseoverskridande miljø- og klimautfordringane. Det skatterettslege fagmiljøet på fakultetet er i ferd med å bli leiande nasjonalt på eit område som er eit sentralt grunnlag for den norske velferdsstaten og reiser grunnleggande problemstillingar på tvers av mange rettslege fagdisiplinar. Fakultetet vil vidareutvikle og styrke desse miljøa.

Offentlege forskingsprogram blir i stor grad retta inn mot problemstillingar knytt til offentleg styring og det offentlege sine utfordringar. Fakultetet ser det som viktig å oppretthalde forskning på alle sentrale rettsområde og sikre balanse mellom forskingsinnsats på offentleg rett og privatrett. Fakultetet vil legge til rette for at det formuerettslege forskingsmiljøet kan utvikle seg og vekse.

Fakultetet skal arbeide målretta for rekruttering til forskning, utdanning av forskarar og opplæring av leiarar for forskingsaktivitetar. For å utvikle sterke forskingsmiljø er det nødvendig å arbeida for auka eksternfinansiert forskning ved fakultetet. Ein sterk administrativ stab skal gi støtte til søknader om ekstern finansiering og drift av eksternfinansierte forskingsprosjekt og slik frigjere tid til forskning.

Visjon

Fakultetet skal bygge sterke forskingsmiljø i den internasjonale forskingsfronten både innanfor rettsleg grunnforskning og på sentrale temaområde for å utvikle ny kunnskap, styrke utdanningskvaliteten og få større innverknad på utviklinga av samfunnet og rettssystemet.

Ambisjonar mot 2030

Fakultetet skal:

- sikre at forskingsaktiviteten held høgt internasjonalt nivå
- sikre at forskingsaktiviteten held høg etisk standard
- sikre at forskingsaktiviteten kjem undervisninga til gode
- gjere forskinga ved fakultetet meir synleg for studentane i utdanninga og gjere større nytte av studentar som ressursar til forskning
- ha den beste forskarlinja for rettsvitenskap i landet
- rekruttere eit større mangfald av kandidatar til det rettsvitenskapelige ph.d.-programmet
- samarbeide med internasjonale forskarar for å utvide nettverk og vere i forskingsfronten
- vidareutvikle og drive det beste forskingsbaserte masterstudiet og ph.d.-programmet i rettsvitenskap i Norge
- legge til rette for at spesialemneporteføljen skal knytast til pågåande forskingsaktivitetar
- utvikle ein portefølje av nasjonale ph.d.-kurs av høg kvalitet til den valfrie delen av ph.d.-utdanninga
- legge grunnlaget for eit nasjonalt senter for framifrå forskning på klima- og energirett ved fakultetet
- finansiere ein større del av forskinga med eksterne midlar
- arbeide aktivt mot forskingsfinansiering for å påverke rammene for rettsvitenskapleg forskning
- gi stipendiatar og postdoktorar trygge og gode vilkår i tilsettingsperioden og gi rettleiing om korleis akademisk erfaring kan brukast i og utanfor akademia
- gi systematisk opplæring i dei forskingsetiske normene for fagfeltet og etterleve desse
- oppretthalde og styrke samarbeidet med andre institusjonar og sentrale aktørar i rettslivet
- legge prioriteringane i strategiplanen til grunn for fordeling ved konkurranse om stillingar, driftsmidlar og andre forskingsressursar

EIN ORGANISASJON I UTVIKLING

Fakultetet skal ha ei organisasjonsform som er tenleg for oppgåvene som dei tilsette ved fakultetet har. Det er mellom anna behov for nye organisasjonsløyningar for å gjere det mogleg å oppfylle meir detaljerte og omfattande eksterne krav til leiing av verksemda, samstundes som det blir utøvd fagleg leiing.

I ein organisasjon med valt fagleg leiing, må leiarskapet delast på fleire personar for at tilsette skal la seg velje til slike verv. Det er behov for faglege mellomleiarar som kan bidra til å sikre at mellombels tilsette i vitenskapleg stillingar kan vekse med oppgåvene og vil ønske å bli verande på fakultetet. Alle tilsette ved fakultetet må kjenne eit ansvar for å bidra til å bygge eit attraktivt og inkluderande arbeidsmiljø ved å vere til stades og ta initiativ til miljøbygging.

Visjon

Fakultetet skal vere ein attraktiv og trygg arbeids- og studieplass. Organisasjonen skal spegle breidda og mangfaldet i samfunnet.

Ambisjonar fram mot 2030

Fakultetet skal

- utvikle ein organisasjonsmodell for meir berekraftig fagleg leiarskap, der faglege leiarar også kan halde fram med ei viss vitskapleg verksemd
- utvikle rolleskildringar for dei ulike leiaroppgåvene som tilsette til kvar tid må fylle innanfor utdanninga og forskingsverksemda til fakultetet
- gi opplæring i prosjektleiarskap, dei administrative ressursane til søknad og drift av prosjekt og klargjere forventingane til prosjektleiarrolla i ulike former for prosjekt
- tilby og stille krav om deltaking i opplæringsprogram til leiarroller
- nytte prosjektfinansierte postdoktorstillingar til å sikre at det finst godt kvalifiserte søkjarar til førstestillingar ved fakultetet
- arbeide for eit godt, trygt og inkluderande arbeidsmiljø tufta på dei akademiske ideala
- utarbeide ein plan for meir mangfaldig rekruttering
- verne om tida dei vitskapeleg tilsette har til forskning og sørge for god balanse mellom forskningstid og undervisningsaktivitetar

FORMIDLING OG SAMFUNNSDIALOG

Juridiske forskning og utdanning har stor innverknad på samfunnet. Samfunnet og andre vitskapsdisiplinar etterspør stadig meir rettsvitskapleg kunnskap. Formidling av slik kunnskap skjer mellom anna gjennom kommentarar i pressa og på sosiale media, gjennom rådgjeving til private og offentlege institusjonar, deltaking i komitear som førebur lovgjeving, foredragsverksemd og undervisning utanfor eigen organisasjon.

Forskarar på fakultetet skal vere i front med å formidle kunnskap om rettsreglane, rettsstaten og retten si rolle i samfunnet. Kunnskap om retten formidla breitt ut i samfunnet bidrar til opplysing og saklege debattar. Slik formidling er viktig for utviklinga av demokratiet og for legitimiteten til retten som styringsmiddel i samfunnet. Formidlinga skal òg synleggjere kva forskinga gjev tilbake til samfunnet. Formidlinga skal synleggjere at investering i juridisk forskning kjem samfunnet til gode.

Dragefjellet lærings og formidlingssenter skal ha ei sentral rolle i tilrettelegging for framifrå formidling. Den sterke faglege formidlingskompetansen på senteret skal vidareutviklast, slik at arbeidet med nyskapande formidling som synleggjer utdannings- og forskingsaktivitetane ved fakultetet til eit eksternt publikum kan halde fram.

Visjon

Fakultetet skal gjennom open og framifrå formidling vere i dialog med samfunnet og gjere rettsvitskapleg forskning tilgjengeleg for heile spekteret av mottakarar både innanfor og utanfor akademien.

Ambisjonar fram mot 2030

Fakultetet skal

- ha eit godt yringsklima og oppmuntre forskarar på alle nivå til formidling av vitskapleg innsikt for allmennheita
- legge til rette for at forskingsresultata formidlast både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt
- bidra til betre avgjerder ved å formidle kunnskap til politiske og rettslege institusjonar
- støtte forskaranes arbeid med mediebidrag som er sentrale for å nå ut i den offentlege debatten
- ta del på universitetsarenaen og formidla kunnskap om rettsvitskapleg forskning til forskingsmiljø frå andre fagfelt
- nytte populærvitskapleg formidling til å synleggjere dei sterke fagmiljøa ved fakultetet og gjere dei framifrå forskarane våre synlege, til dømes ved å nominere dei til ulike verv og prisar
- stå fram som ein attraktiv arbeidsplass og ein forskings- og utdanningsinstitusjon som omverda koplar med høg kvalitet